



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 30.09.2015

**Sak nr.:** 15/9451-3  
**Internt I.nr.** 43320/15

**Sak:** 98/15

**Tittel:** **Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av Sogn Regionråd (kommunane i Sogn).
  - b. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av Nordfjordrådet (kommunane i Nordfjord).
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av Helse Førde, medan to medlemer vert valt av Førde kommune ved bystyret med høve til vidaredelegering til formannskapet.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt fremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til endring:

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.

- b. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av Helse Førde, medan to medlemer vert valt av Førde kommune ved bystyret, med høve til vidare delegering til formannskapet.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
  3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.
  4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

**Arbeidarpartiet og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til endring:

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: styret sine medlemer vert valt av vertskommunen.
  - b. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: styret sine medlemer vert valt av vertskommunen.
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: styret sine medlemer vert valt av vertskommunen.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

**Avrøyting:**

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Arnstein Menes, Noralv Distad, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet.  
 Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva og Frank Willy Djuvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet og Framstegspartiet.  
 Fylkesrådmannen si tilråding kom ikkje opp til avrøyting.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:

- a. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.
  - b. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av Helse Førde, medan to medlemer vert valt av Førde kommune ved bystyret med høve til vidare delegering til formannskapet.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
  3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.
  4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.